


MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLERS KOMMENTARER TIL MERKNADER, UTALAR OG FAGNOTAT -
Høring av forslag til endring av områderegulering for Lonelva - Juvikvarden

Plannavn	Områdeplan Lonelva - Juvikvarden
Arealplan-ID	Plan ID 1263-200904
Saksnummer	2009/286
Utarbeidd av	Og Arkitekter - TG / TE
Datert/Revidert	06.09.17 TG.

Avsendar	Hovudpunkt i merknad / uttale	Forslagsstillars kommentar	Endringar	
			Kart	Førsegnar
P1 Knarvik Barnehage AS	<p>I merknaden visast det til at gong/sykkel-veg er foreslått langs med gjerdet til barnehagen og at foreslått ny situasjon vil kunne få negative konsekvensar i tilhøve til trafikktryggleiken til mjuke trafikantar. Dette òg med omsyn til plasseringa av inngangen til GS-vegen, i svingen ved innkøyrsla til flerbrukshallen/skulen.</p> <p>Det vert bede om at behovet for GS-veg vert revurdert og vektes mot alternativet som er ei buffersone som gjev ro for borna under sovnetiden og i tida for leik ute. Eksisterande vegetasjon i det aktuelle området skjermar leikeområdet for kald vind som tek godt når han står på frå sør-vest.</p> <p>Det vert stilt spørsmål ved om ferdsla i området er så stor at han nødvendigggjer to parallelle gong- og sykkelsamband. Det vert bede om at omsyn til borna veg tyngst i denne omgangen og at GS-veg vert stroke frå planen.</p>	<p>Vert teke delvis til følge.</p> <p>Merknaden ser ut til å ta utgangspunkt i linje teikna gjennom grønt område i Sakspapir frå Plan- og miljøutvalget, 073/17, på side 5:</p>  <p>Ein har forståing forat barnehagen kjem med denne merknaden, men dette vart diskutert grundig i PMU, og kom inn som eit politisk ønske.</p> <p>Under utforming av denne stien er det sett krav til at ein skal ta vare på terrenget og eksisterande vegetasjon. Førsegna som er knytt til stien; 3.5.3, 6. ledd, lydar:</p>		

		<p>«Det skal opparbeidast sti med inntil 2 m breidde mellom #1 og T1, i det som er sett av som naturleikområde i illustrasjonsplanen langs sørvestre del av T1. Stien skal følgje naturleg terreng og ikkje medføre vesentlege terrenginngrep. Eksisterande vegetasjon skal bevarast i størst mogeleg grad, slik at området framleis framstår som eit naturleikområde.»</p>		Endring av føresegner
O1 BKK	<p>BKK gjer merksam på at det ikkje må gjerast tiltak som forverrar åtkomst til anlegga deira. Ei heller inngrep i terrenget som endrar overdekninga over kablar eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høgd opp til luftledningsanlegg.</p> <p>Det vert gjort oppmerksam på korleis kablar, plassering av nettstasjoner, minsteavstand og liknande må handsamast i tilhøve til plankart og føresegn.</p> <p>Det vert gjort reie for ansvarsforhold som gjeld, dersom tiltaket i seg sjølv utløyser behov for eller føreset modifikasjon eller utbetring av relevant infrastruktur, eksempelvis etablering av ny nettstasjon.</p>	<p>Vert teke til følgje.</p> <p>Løysast gjennom å legge inn ny føresegn som sikrar BKK sine behov i område T3.</p> <p>Plankartet endrast ved at trafo ved veg til skulens parkeringsareal blir avsett med føremål o_Energianlegg med ein størrelse som gjer at trafoens storleik kan utvidast. Det settast og hensynsone H370 rundt anlegget.</p>	Endring av plankart	Endring av føresegner

<p>O2 Opus Bergen AS på vegne av Rygir Tomteutvikling AS</p>	<p>Ber om at kommunen stiller krav til kapasitetsvurdering og trafikkanalyse òg for OR Lonelva-Juvikvarden, slik at OR Lonelva kan basera seg på korrekte og oppdaterte tal i trafikkanalysane sine. Peikar på at det berre er gjort lokal kryssvurdering mot Lonsvegen, ikkje øvrige tilførselsvegar.</p>	<p>Vert ikkje teke til følgje.</p> <p>Dette er ein mindre endring av ein eksisterande plan, som ikkje inneber endring i tiltaket/kva arealet som vert endra skal nyttast til.</p> <p>Endringa er ikkje stor nok til å utløse krav om trafikkanalyse. Skulen får fleire elevar, men 98% av elevane går eller sykler til skulen der den ligg i dag, og den nye plasseringa har særst gode tilkomst gjennom gang- og sykkelvegssystemet som ligg rundt denne.</p> <p>Ein kan difor ikkje rekne med auke i elevane som vert kjørt med bil til skulen. Det går og vil heller ikkje gå skulebuss til den nye barneskulen, noko som heller ikkje gir trafikkauke. Aktivitetshallen er større og har fleire aktivitetar enn det som opphavleg lå i planen, og kan generer meir trafikk på kveldstid og i helgene, men hallen fører ikkje til trafikkauke i trafikktoppene: morgon og ettermiddag, men på kveldstid og i helger.</p> <p>Det at Statens vegvesen ikkje har kravd trafikkanalyse for planendringa, understøtter at det ikkje er naudsynt for denne planendringa.</p>		
--	--	---	--	--

<p>O3 Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga</p>	<p>Fylkesmannen har ingen merknader til endringane.</p>	<p>Vert teke til orientering.</p>		
<p>O4 Hordaland Fylkeskommune</p>	<p>Hordaland fylkeskommune har ikkje vesentlege merknader til endringsforslaget, men påpeikar at dei stiller seg positiv til dei endringane som er gjort og at det er riktig grep å satsa på trygge tilhøve for dei som sykklar og går, heller enn å etablera veg mellom skulen og barnehagen.</p> <p>I tillegg vert det gjort reie for kvifor det er viktig med effektive gong- og sykkelaksar til dei lokale busshaldeplassane, frå andre viktige målpunkt slik som til dømes skule og barnehage.</p>	<p>Vert teke til orientering.</p>		

<p>O5 Statens vegvesen</p>	<p>Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknadar til planforslaget, men visar til tidlegare uttale gjeve til varsel om oppstart av planarbeid i brev datert 23.05.17, hvor det ble peika på omsyn til trafikktryggleik for skuleborn og at løysingar i planframlegget ikkje skal føre til auka trafikk i skulen sitt nærområde. Etter kva Statens vegvesen kan sjå, er det teke omsyn til dette i framlegget til endringa av områdeplanen.</p>	<p>Vert teke til orientering.</p>		
--------------------------------	--	-----------------------------------	--	--